

SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	Introduser temaet for timen og sjå Mangfald og følelsar (youtube.com)
	Sjå bilde frå filmen og snakk om det de såg: I filmen såg vi at vi er ulike også med kor enkelt vi synes det er å sitte lenge stille i klasserommet
	Nokon gongar er det nesten umogleg for enkelte å sitte stille, og då kan det nesten bli slik. Kva lure ting kan elevar gjere i denne klassa når ein treng å røre litt på seg i timen skal tru? Det bør vere ting som ikkje forstyrrar dei andre elevane, men som likevel gir aktivitet for den som treng det.
	Vi er også ulike med korleis vi reagerer på lydar og aktivitet rundt oss. Ho her ser ut som ho synes det er heilt topp med mykje som skjer rundt seg. Er det mange her som likar seg godt når det er mykje som skjer rundt deg?
	Men ho her har det ikkje like bra med så mykje støy rundt seg. Mange har det slik. Då fangar hjernen opp alle inntrykk heile tida, og det kan gjere det vanskeleg å konsentrere seg om det ein vil eller skal. Kva treng ho for å kunne ha det bra i klasserommet trur du?
	Mange elevar er litt usikre, sensitive eller slit med å sitte stille. Då kan skulekvardagen av og til vere vanskeleg. Dei elevane som har det slik er gjerne minst like smarte og flinke som dei som er trygge, tøffe, toler masse bråk og lett klarer å sitte lenge stille. Men det kan vere vanskeleg å få vise at ein er det, når det er utrygt, bråkete eller kjedeleg. - Korleis kan vi gjere skulekvardagen slik at den passar for alle skal tru?

Aktivitet: dette passar godt for meg

Be elevane stille seg på ei rekke midt i rommet (eller på gangen om der er betre plass). Lærar les opp påstandane og eleven går enten til høgre eller venstre, dit lærar peikar for alternativa. Etter kvar påstand går elevane tilbake til midten. Få fram at begge sider er like bra, men at vi er ulike og derfor går vi til ulike sider.

Øv først ved å la elevane velje Coca Cola eller Pepsi Cola for å vise kva dei skal gjere.

Likar godt å jobbe aleine – likar godt å jobbe i gruppe
 Vil gjerne sove lenge – vil gjerne sove lite
 Likar å ete frukost før skolen – vanskeleg å få i seg mat så tidleg på morgonen
 Likar godt å leike ute – likar godt å leike inne
 Lærer mest av at lærar fortel – lærer mest av å få finne informasjon i bøker eller på nett
 Kan konsentrere meg sjølv om andre lagar lydar – konsentrerer meg best når det er heilt stille
 Likar å høyre på musikk mens eg jobbar med fag – klarer ikkje jobbe med fag mens eg høyrer musikk
 Eg likar når det er varmt i rommet – eg likar å ha det kald i rommet
 Eg likar godt å lese – eg likar godt å sjå film
 Eg lærer best når eg er i aktivitet – eg lærer best når eg sit stille
 Eg likar å skrive på papir – eg likar å skrive på data



Sjå [Utrolige ting kan skje! - YouTube](#) som viser at vi alle er forskjellige, og at vi også kan vere forskjellige med korleis vi opplever verden. Filmen handlar om autisme.

Ulike i oppgaveløysing

No skal elevane jobbe i grupper på 3 eller 4 og poenget med oppgåva er at dei skal gjere erfaringar med å få til oppgåvene fordi ulike personar bidrog på ulike måtar. Her lykkast ein best når ein tek ulike roller og brukar eigne styrker. Vel ei av desse oppgåvene som elevane skal gjere, eller bruk fleire om de skal jobbe med dette temaet ei stund:

a) Bygge papirtårn.

Elevane får bruke så mange A4 ark som dei vil og gruppa skal samarbeide om å bygge det høgaste tårnet ved å berre brette og stable arka. Sett timer på 5-7 minutt.

b) Blyant på reise.

Gruppa får 1 blyant og skal samarbeide om å flytte blyanten frå A til B i ei løype som lærer bestemmer. Gjerne over, rundt, under og gjennom stolar og pultar. Alle elevane skal ha maks 1 finger på blyanten til ei kvar tid. Alle har lov å sleppe grepet 1 gong kvar, men blyanten må ikkje dette ned. Gruppa får tid til å planlegge og øve, sjølv oppdraget gjennomførast på tid med lærar som dommar.

c) Statue som viser samarbeid.

Gruppa skal bruke seg sjølve og klare å lage den beste «statuen» som viser godt samarbeid – UTAN å snakke med kvarandre medan dei lagar den. Alle må vere med i figuren. Snakk gjerne litt saman først om korleis ei slik statue kan sjå ut, at den bør vise at dei gjer noko saman, at alle føler seg viktige i samarbeidet, nokon lyttar til den som pratar, nokon skriv eller lagar noko og så vidare. Dei har 3 minutt til å bli einige og lage den, og når lærar tel ned skal alle gruppene fryse statuen sin.

Etter kvar oppgåve skal elevane litt:

- Kvifor var det viktig at alle hjelte til på ulike måtar i desse oppgåvene?

Poenget å få fram er at samarbeidsgrupper fungerer best når dei som er med er ulike og kan bidra på ulike måtar. I grupper der mange er like og kan det same må medlemmane tilpasse seg og ta ulike roller. Altså: Det er bra vi er ulike!



[DJ Raphi - BE YOU BE AWESOME](#)

Denne er fin å danse og synge til, med fokus på å vere seg sjølv i mangfaldet.

Øve på å samarbeide?

Fordi vi er så ulike er det lurt at vi trener på å samarbeide med kvarandre. Her er nokre oppgåver de kan bruke for å øve på dette:

- Blind teiknar.** Jobb 2-3 saman. Den eine eleven får eit blankt ark å teikne på og noko å teikne med. Den/dei andre ser på ei teikning og skal forklare berre med ord korleis den andre skal teikne dette. Alle må konsentrere seg og hjelpe kvarandre å lykkast. Bytt roller.

- b) **Bygg etter forklaring.** Elevane har 6-8 blyantar kvar. Ein elev leggje desse i ei form bak ei bok, slik at dei andre ikkje ser. Samtidig gir eleven instruksjonar til den/dei andre – og målet er at figurane/forma blir heilt lik. Dei må konsertere seg og kommunisere godt for å lykkast. Bytt roller.
- c) **Grupper utan leiar.** Grupper på 4- 12 personar skal stille seg opp i riktig rekkefølge utan å snakke med kvarandre. Dei kan berre kommunisere med kroppsspråk. Rekker dei kan stille seg i:
- Alfabetisk etter fornamn
 - Fødselsdato
 - Frå lys til mørk farge på et klesplagg
 - Frå kort til langt hår
 - Kor lang veg dei har til skulen
 - Etter antal bokstavar i etternamnet sitt

Snakk saman etterpå:

- kva samarbeidsferdigheiter måtte dei bruke her?
- Tok elevane likevel ulike roller?
- Kvifor er det fint at dei var ulike i denne oppgåva?



I løpet av timen kan de gjerne og ha litt Frosketid: [Pust med naturen \(s-pust\) - YouTube](#)



Denne er fin å avslutte med [Farlig | Musikkvideo med Klassen](#)
Eventuelt bruk den til å snakke om kva de kan gjere i klassa for at alle skal ha det bra sjølv om alle er forskjellige.

Dersom de vil bruke meir tid på dette temaet kan de til dømes bruke opplegget frå NRK skole som ligg her:
[Temadagene 2024: Undervisningsopplegg for tirsdag – NRK Skole – Lærerike programmer og klipp](#)

Og bruk gjerne episoder av «Sånn er jeg og sånn er det». Om de vel ei episode som er relevant for elevar i klassen så avtal med dei på førehand og sjekk om det er greitt for dei at ein ser denne episoden. [NRK TV – Sånn er jeg, og sånn er det – Sesong 4](#)